

# Sol- og bioenergiser

Tingvoll – Økokommunen – bedre løsninger for mennesker og miljø



# Kompetansesenter for sol- og bioenergi



Einar Oterholm, Energiregion Møre/Møre og Romsdal fylke  
viser tørt og god flis som kan brukast i eit bioenergianlegg.

## Eit regionalt kompetansesenter for sol- og bioenergi skal etablerast i Tingvoll kommune på Nordmøre – støtta av Møre og Romsdal fylke.



Eit mindre anlegg som viser ulike former for solenergi skal byggjast.

Sol- og bioenergiseret skal vere ein del av det økologiske kunnskapssenteret på Tingvoll gard. Det skal byggjast eit fullskala flisfyringsanlegg som skal sørge for energitilførsel både til garden, til kyrkja og til den gamle prestegarden. I tillegg skal leidningsnettet for Tingvoll sine kommunale bygg knyttast opp mot dette anlegget og hente energi herifrå. Flisfyringsanlegget skal utformast slik at det også skal kunne vere eit demonstrasjonsanlegg. Her kan folk kome og sjå og lære.

Eit mindre demo-anlegg som viser ulike former for sol- og bioenergi skal byggjast. Dette vil bli ein del av den gamle driftsbygninga på Tingvoll gard. Ombygginga skal gjerast slik at bygninga blir eit praktisk eksempel på miljøvenleg bygging, energisparing og bevisst val av materialar. Mellom anna ønskjer vi å hente inn solenergi frå den store, sørvendte takflata på låven.

## Profil

Alt skal setjast inn i ein heilskapleg, berekraftig og økologisk samanheng, der ein ønskjer å vise fram lokale løysingar.

Dette skal vere ein stad der skuleelevar, privatpersonar, turistar, studiegrupper m.m. kan kome og sjå praktiske eksempel på ulike løysingar på bruk av fornybar energi. Det nye fjøset som skal byggjast, vil også bli eit eksempel på korleis ein kan dra nytte av ulike typar fornybar energi i nye fjøsbygg.

## Samarbeidspartnarar

Forprosjektet til kompetansesenteret er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylke ved Energiregion Møre, Nordmøre Energiverk as, Bioforsk Økologisk, Tingvoll kommune. Tingvoll videregående skule og Tingvoll barne- og ungdomsskule. Skulane er viktige samarbeidspartnarar, slik at formidlingsdelen kan utformast i pakt med eksisterande læreplanar og gode pedagogiske prinsipp.

Firmaet Energiguide AS er innleigd til gjennomføring av forprosjektet.

Seinare vil det bli aktuelt å dra inn fleire aktørar som vil kunne lage demonstrasjonsanlegg for ulike typar sol- og bioenergi.



Solcelle på caps.

Ei lita flamme kan gje varme til eit stort hus.



### **Prosjektgruppe:**

Ketil Valde, Bioforsk Økologisk  
Liv Dahl Gullikstad, rektor Tingvoll vgs  
Ivar Jonas Nørbech, leiar i byggekomiteen for energisentral  
Einar Oterholm, Energiregion Møre/Møre og Romsdal fylke  
Gunnlaug Ribe, prosjektleiar småsamfunnssatsing

### **Administrasjon/tilsette:**



Prosjektleiarar er  
Kristin Marie Sørheim og Gunnlaug Ribe.

Prosjektet har kontor i Tingvoll Næringshage (Tingvoll gard)  
Det er tilsett to prosjektleiarar, og prosjektet kjøper tenester  
frå Bioforsk Økologisk og Tingvoll Næringsforum.

### **Prosjektleiar:**

**Kristin Marie Sørheim** • tlf. 952 86 060  
kristin.sorheim@tingvoll.kommune.no

### **Prosjektmedarbeidar:**

**Gunnlaug Ribe** • tlf. 982 47 904  
gunnlaug.ribe@tingvoll.kommune.no

[www.tingvoll.kommune.no/småsamfunnsprosjektet](http://www.tingvoll.kommune.no/småsamfunnsprosjektet)  
[smasamfunn@tingvoll.net](mailto:smasamfunn@tingvoll.net)